



## Referat frå soknemøte/årsmøte Kviteseid sokn 21.03.2021

### Saker.

#### 1) Konstituering.

- Marit Gotuholt vart valt til ordstyrar, Dagfinn Køhn og Sigrun Moen vart valde til referentar. Val av 2 personar til å underteikne protokoll: Kjell Lindheim og Gunhild Dobbe.
- Innkalling og sakliste vart godkjende etter kort orientering om korleis møtet hadde blitt kunngjort på førehand.

#### 2) Årsmelding 2020.

Møteleiaren og soknepresten gjekk gjennom hovudpunkta i årsmeldinga. I tillegg la representantar for dei ulike laga og undergruppene fram sine rapportar. Deltakarane på soknemøtet fekk høve til å stille spørsmål og kommentere innhaldet i årsmeldinga. Det kom eit innspel om korleis ein kan organisere utdeling av t.d. dåpsgåver og kyrkjebok til 4-åringar: Går det an å samle utdelinga til dei ulike aldersgruppene til den lokale kyrkja i staden for å samkøyre dette for heile soknet i ei av kyrkjene?

#### 3) Presentasjon av årsrekneskap og budsjett.

Kyrkjeverja presenterte rekneskap og budsjett. Rekneskapen er ikkje ferdig revidert. Soknerådet godkjenner rekneskapen når endeleg revisjon ligg føre. Førebels resultat: Om lag kr. 200.000 i overskot.

#### 4) Andre saker.

Det hadde ikkje blitt meldt inn saker på førehand. Men det vart opplyst om at «Godhetsveka» i 2021 blir 3.-8. mai.

Kviteseid 21.03.21

*Sigrun G. Moen*

Sigrun G. Moen

*Kjell Lindheim*

Kjell Lindheim

*Gunhild Dobbe*

Gunhild Dobbe